

Kvam herad med 8500 innbyggjarar og om lag 900 kommunalt tilsette er den største av Hardangerkommunane og ligg om lag ein times køyring frå Bergen. Heradet har vekt i folketalet, eit godt utbygt skuletilbod med mellom anna tre vidaregåande skular og eit stort og mangfaldig nærings-, kultur- og organisasjonsliv som ventar på deg.

Kvam herad søker

Rådmann

Me ynskjer ein utviklingsorientert rådmann med gjennomføringskraft, og som:

- er ein entusiastisk, tydeleg og samlande leiar som set klare mål og formidlar måla ut i organisasjonen
- har analytiske og strategiske evner
- kan leia den kommunale verksemda effektivt innanfor vedtekne politiske målsetjingar og økonomiske rammes
- i nært samarbeid med politisk leing har fokus på heradet si rolle som tilretteleggjar for samfunns- og næringsutvikling
- er ein open og omgjengeleg leiar som kan vidareutvikla ein god organisasjonskultur og eit godt arbeidsmiljø i Kvam herad
- tenkjer heilskapleg og samhandlar godt med dei tilsette og deira organisasjonar

Søklar må ha høgare utdanning og kunne dokumentera gode resultat frå tidlegare leiarstillingar, ha god kunnskap innan kommunal økonomi og forvaltning, samt vera ein god rådgjevar ovanfor politisk nivå. Erfaring frå offentleg sektor vil bli lagt vekt på, men annan leiarerfaring og god kjennskap til kommunale utfordringar kan òg vera ein god bakgrunn. Me ser gjerne at du har erfaring frå interkommunalt og regionalt samarbeid.

Ynskjer du å vera administrativ leiar i ein politisk styrt organisasjon med forståing for balansegangen mellom politikk og administrasjon, kan me tilby ei særspanande leiarstilling.

Kontakt gjerne ordførar Asbjørn Tolo tlf. 91 88 00 17 eller seniorrådgjevar Jan Sebjørnsen tlf. 95 00 94 44.

Søknadsfrist: 8. februar

Søknad med C.V. sender du til: post@k-rekruttering.no